



AS Arkiton
c/o Arne Abelsen Sørfjordvegen 11D
5265 YTRE ARNA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2784 - 21/66710

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
06.10.2021

Landbrukssak GBNR 134/4 Hilland - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 1041/21

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Arkiton AS løyve til bygging av omsøkt veg på 134/4 Hilland.

Vilkår

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast
 - Vegen skal byggast som ømsøkt.
 - Løyver, fullmakter og nabovarslar må vera til stades før bygging kan settast i gong
 - Ein må ikkje gjera skade på kjende kulturminner under arbeida med vegen.
- Vedtaket er gyldig til 31.10.2024

Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyvet fell løyvet bortjf. forskrift 2015- 05-28-550, paragraf 3-2.

Saka gjeld

Arkiton AS søkar om bygging av landbruksveg på gbnr 134/4 som og går innom eigedommen 134/147 og 134/238. Vegen skal gje moglegheit for uttak av ca 1500 kubikk hogstmoden skog samt hytte og utmarksinteresser. Landbruksinteressene er vektlagd med 80% og 20 hytte/andre formål. Vegen er planlagd i vegklasse 7 og det vert annlagt massetak i tilknytning til vegen.

VURDERING:

Formålet med denne forskrifta er å sikre at planlegging og bygging av landbruksvegar skjer på ein måte som skal gje landbruksfaglege heilheltsløyser. Det skal samtidig leggast vekt på hensynet til miljøverdiar som naturmangfald, landskap, kulturminner og friluftsliv, hensynet til fare for flom, erosjon og lausmasseskred, samt andre interesser som blir berørt av vegframføringa.

Vegen vil i denne saka tena både skog og utmarksføremål og er såleis i tråd med forskrifta sjølv om den og gjer tilkomst til privat hytte.

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har mellom anna sjekka areala i Naturbase, askeladden, gardskart og Artsdatabanken utan at det er gjort funn.

Saka har vært på høyring til Vestland fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland og Alver kommune v/kulturavdelinga. Uttalar ligg ved. Fylkeskommunen varsla synfaring, men den blei ikkje utført og visar no til uttalen frå kulturavdelinga til Alver kommune.

Alver kommune v/kultur visar til ei eldre bru i nærleiken av trasèen. Landbruksvegen bør byggjast så den gamle brua ikkje vert råka av tiltaket. Elles er området mykje nytta som tursti og ein bør difor visa omsyn i anleggsfasen og ved hogst.



Bilete av brua samt eldre kart.

Det er elles komen inn 3 merknadar i saka som er besvart av søkar/vegplanleggar. Kommunen sine kommentarar finn ein her

Roar K. Mikkelsen og Linda Lill Boren	«Slik vei er tegnet på kart, vil det være nødvendig med massiv inngripen i naturen husene i byggefeltet. Dette da det er svært bratt og ulendt terreng hvor skogsvei ønskes anlagt. Skal man få til en vei her må man skyte seg dypt inn i berget og noen steder fylle på store mengder stein for å kunne anlegge en farbar vei. Veien fra skog og	Som søkar/vegplanleggar skriv er dette ein veg som er berekna for lassbærar, traktor og liknande. Vegen er planlagd av FanAgro AS som har dette som fagfelt. Vegen skal byggast i landbruksvegklasse 7, som er ein «traktorveg.
---------------------------------------	--	---

	opp mot eksisterende byggefelt vil bli svært bratt og vanskelig å bruke til tungtransport. Ta en avsjekk på kortene. Vil foreslå at det foretaes en befaring av kyndige vegplanleggere og folk fra de som skal ivareta landskapet og friområdene våres.»	
	«Veien slik den er tenkt, vil komme ut midt i en sving i byggefeltet. Dette er ikke optimalt i forhold til barn og andre myke trafikanter som bruker denne veien til og fra all aktivitet på skole og fritid. Anser den som direkte trafikkfarlig. Om tunge kjretøy fullastet av tømmer skal inn og ut i dette kryss, vil det medføre stor fare. anbefaler at dere tar en fysisk sjekk og gjør nødvendige vurderinger med de riktige instanser og fagfolk.»	Søkar/vegplanleggar skriv at dei vil gjera nødvendige tiltakt med trafikksikring av området. Det er i hovudsak 2 periodar det vil vera trafikk ved vegen. Det er i anleggsfasen og ved uttak av skog. Med gode tiltak, skilt, evt vakthold osv. vil ein ta vare på dei mjuke trafikantane.
	«Om mål med vei er å felle/hente ut trer, bør man også gjøre en vurdering av å utbedre og forlenge allerede eksisterende grusvei som går fra de siste husene i Gangstøvegen etter badeviken i Hillandsvannet. Denne benyttes nå for tilkomst og for transport av varer til hyttene som ligger innover på Radtangen.»	Privatrettsleg og er ikkje noko kommunen vil kommentere.

Regelverk

Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier
 Naturmangfaldlova
 Forvaltningslova
 Kulturminnelova
 Offentlegheitslova

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eige grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko

kommunen kan hjelpa med.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2784

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Landbrukssak GBNR 134/4 Hilland - uttale kultur
Kulturminnefagleg fråsegn - Landbruksveg - gbnr 134/4 Hilland - Alver kommune
Merknader til mottatt nabovarsel - Gbnr 134/4
Ra Tangen plantegning 2
Ra Tangen - Plantegning Oversikt
Ra Tangen- Dekningsområde
Søknad om bygging av skogsveg - gbnr 134/4 Hilland

Mottakarar:

Anne Margrete Tjore	Radøyvegen 43	5911	ALVERSUND
AS Arkiton	c/o Arne Abelsen	5265	YTRE ARNA
	Sørfjordvegen 11D		
Dag Magne Heggem	Vallalia 227	5227	NESTTUN
Dag Åge Walde	Tertneshøyden 5	5113	TERTNES
Fanagro AS	Brugata 6	5200	OS
Kalleklev AS	Lodin Lepps gate 6	5003	BERGEN
Knut Kåre Opedal	Radøyvegen 10	5911	ALVERSUND
Linda Elin Valde Berg	Nesttunbrekka 44 N	5221	NESTTUN
Nina Walde	Radøyvegen 63	5911	ALVERSUND
Reidar Leif Valde	Dag Hammarskjöld's vei 107	5144	FYLLINGSDALEN
Roar Kjetil Mikkelsen			
Simon Malkenes	Vardane 101	5911	ALVERSUND

Mottakarar:

Siv-Renate Kjeilen Sivertsen

Vallalia 227

5227

NESTTUN